



Alver kommune Plan og bygg
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: eadb99e4-f661-4379-9679-
0719da9b287e
Vår: 22/2136 - 22/25869

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

31.03.2022

Oversender søknad til uttalelse - tilbygg til driftsbygg - gbnr 171/5 Seim

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om løyve til å byggja tilbygg på driftsbygning på gbnr 171/5 Seim.

Seim har ei spesiell og viktig historie som strekkjer seg over meir enn 1000 år. Løa på 171/5 ligg midt i det historiske Seim. Her låg det gamle klyngetunet fram til utskiftinga på slutten av 1800-talet. Gjennom tunet gjekk Den Trondhjemske postveg, som vart vedtatt bygd i 1785, men som sannsynlegvis følgde traseen for ein eldre veg. Like ved ligg også kyrkjegarden frå mellomalderen. På kyrkjegarden stod kyrkja heilt fram til 1878, då dagens kyrkje vart sett opp lenger nord. På den gamle kyrkjegarden er ei rekkje graver. Den eldste er truleg frå 1200-talet, medan dei fleste gravene er frå 1800-talet og tidleg på 1900-talet. (Kjelde: Askeladden og Norske kirker ([Seim kirke – Norges Kirker](#))).

Saka er sendt Statens vegvesen som uttalar seg om postvegen, og Vestland fylkeskommune som gjev uttale om postvegen og dei to freda lokalitetane i området. Denne uttalen gjeld tilkomst til kyrkjegarden.

Det aktuelle området er omfatta av reguleringsplanen for Seim kyrkjegard og Håkonshaugen amfi. I reguleringsplanen er det sett av areal til parkering for 1-2 bilar langs fylkesvegen og det er regulert inn ein gangveg frå fylkesvegen og opp til kyrkjegardsmuren. Plasseringa av gangvegen verkar noko tilfeldig, og den ser ut til å enda opp ved muren på kyrkjegarden. I dag er det ikkje lagt til rette for ferdsel her. Det er gjerde langs heile fylkesvegen, det er ikkje noko merking eller skilting som peikar mot kyrkjegarden og det er heller ikkje noko tilkomst til kyrkjegarden der gangvegen sluttar ved kyrkjegardsmuren.

Gravplassen har funksjon både som minnestad, men òg som eit kulturminne. Kommunen har fått fleire tilbakemeldingar frå personar som ynskjer å besøkje kyrkjegarden, men som ikkje veit kvar dei kan gå for å koma seg til den.

Det er uklart om tilbygget kjem i konflikt med arealet som er regulert til gangveg, men me ber om at tilkomsten til gravplassen vert tatt omsyn til. Det må anten gjerast gjennom at arealet som er sett av til gangveg kan nyttast som tilkomst til postvegen, og at ein kan følgja traseen for postvegen vidare sørover mot portalen/inngangen til kyrkjegarden (om eigarskap til postvegen, sjå s. 34 i Statens vegvesen si handbok [Håndbok V275 Rettleiar for skjøtsel, restaurering og vern \(vegvesen.no\)](#)). Om gangvegen skal kunna nyttast må det setjast inn grind i gjerde og tilkomst må skiltast. Alternativt må tilkomst til kyrkjegarden sikrast på annan måte. Det bør ikkje gjevast løyve til tilbygget om dette går ut over tilkomsten til kyrkjegarden.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og bygg

Postboks 4

5906

FREKHAUG